
Fra: Monika Cecylia Serafinska <Monika.Serafinska@hfk.no>
Sendt: 30. november 2016 17:18
Til: 'Håkon Nesheim'
Kopi: Postmottak Lindås; David J Aasen Sandved; Øystein Skår
Emne: Oversending av arkeologisk rapport 46-2009 - områdeplan for Alversund - Lindås kommune
Vedlegg: Rapport 46-2009 Alversund, Lindås.pdf

Hei.

Viser til telefonsamtale 29.11.2016 med Håkon Nesheim angående oversending av rapport frå arkeologisk registrering utført i 2009 i samband med områdeplan for Alversund.

Største del av planområdet vart undersøkt i 2009, og resten i 2011. Det vart gjort funn av automatisk freda kulturminne under begge arkeologiske registreringar. Den ferdige rapporten frå registrering i 2011 (Rapport 50-2011) har nyleg vorte sendt til Lindås kommune. Rapporten frå registreringa i 2009 (Rapport 46-2009) vart sendt til kommunen 10.02.2010.

På bestilling av Klima- og miljødepartementet har Riksantikvaren nyleg sett i gong arbeidet med revisjon av retningslinjer for arkeologisk registrering. Etter at vi har sett nærmare på Rapport 46-2009 ser vi at den kan vere forelda. Tidligere brukte ein topografi i større grad for å avgrense lokaliteter, noko som i enkelte tilfelle kunne resultere i bandlegging av større areal enn naudsynt. På bakgrunn av dette må vi ta ei befarung for å sjå nærare på avgrensing av lokalitetar registrert i 2009.

Vedlagt er rapporten frå registreringa i 2009, men kartmateriale i rapporten vert moglegvis oppdatert i tråd med resultat av befarung i det aktuelle området.

Med helsing

Monika Serafinska

Arkeolog | Spesialrådgjevar

Kultur- og idrettsavdelinga | Fylkeskonservatoren



Tlf.: 55 23 91 80

www.hordaland.no